



# Tid for styring!

**Valprogram for 2023 –2027**

Bjørnafjorden Høgre





## Gode sambygding!

11. september er ditt høve til å påverka Bjørnafjorden kommune sitt styre for dei komande fire åra. Med Høgre ved roret, kan vi saman byggja ei sterk og stabil framtid.

Vi legg snart bak oss første valperiode i den heilt nye kommunen vår. Ein periode som har vore prega av pandemi, inflasjon, prisauke og skyhøge straumprisar. Lokalt har det vore politisk ustabil, noko både politikarar, kommunetilsette, næringsliv og innbyggjarar nok har merka seg.

Høgre har alltid vist seg å vera eit styringsparti, og no er det tid for styring i Bjørnafjorden! Bjørnafjorden treng eit borgarleg fleirtal! Vi går nokre tøffe år i møte, då kommune økonomien som legg føringar for det meste, er særst utfordrande. Vårt hovudmål når vi går inn i ein ny fireårsperiode er å få orden i kommuneøkonomien, og slik skapa oss eit handlingsrom som gjer at vi kan fokusera på å driva kvalitets- og utviklingsarbeid. Vi presenterer her eit nøkternt program vi meiner vil føra oss mot dette målet. Dette er ikkje tida for å lova gull og grøne skogar gjennom valflesk. Det tillèt ikkje kommuneøkonomien!

I Høgre er vi likevel optimistiske med tanke på framtida. Gjennom effektiv drift, fokus på kjerneoppgåvene, kvalitet og digital utvikling, vil vi byggja ein kommune for framtida. Vi har tru på våre dyktige tilsette, og gjennom eit

konstruktivt trepartssamarbeid mellom politisk nivå, administrasjon og arbeidstakarorganisasjonane, skal Bjørnafjorden kommune vera ein god stad å arbeida.

Høgre skal sørgja for at Bjørnafjorden er ein god kommune å bu og leva i. Vi skal vera ein JA-kommune som er føreseielege, der det skal vera gode grunnar for å seia nei. Kommunen skal vera ein støttespelar ovanfor næringslivet, og vi heiar på dei som skapar vekst og arbeidsplassar. Frivillige lag og organisasjonar vil bli ein endå viktigare ressurs for kommunen i tida som kjem. Dei skal oppleva at dei vert høyrde og prioriterte i eit godt samarbeid. Ein konstruktiv dialog med alle desse partane vil gje oss dei beste løysingane både for kommunen og innbyggjarane våre.

Eg og Høgre sine kandidatar vil vera ditt talerøyr inn i politikken. Gje oss di røyst, og vi skal dra kommunen i rett retning med ein ansvarleg og føreseieleg politikk!

Høgre har tru på deg, og vi trur på Bjørnafjorden! Godt val!

**Marie Elisabeth Lunde Bruarøy,**

Ordførarkandidat Bjørnafjorden Høgre



## Økonomisk handlefridom

### – naudsynte prioriteringar

Bjørnafjorden Høgre meiner at innbyggjarane våre skal skånast mot unødige høge kommunale avgifter og vi vil ikkje innføra eigedomsskatt! I Høgre er vi positive til samarbeid mellom privat og offentlig sektor, og vi vil difor arbeida for ei betre utnytting av potensiale som ulike samarbeid kan gje oss.

Bjørnafjorden kommune kjem til å stå i store omstillingar dei næraste åra, og tenestetilbodet kjem til å verta utfordra grunna tøffe prioriteringar. Difor må kommunen ta i bruk smarte løysingar, unngå byråkrati og alltid søkja effektivisering i administrative prosessar. Hovudmålet for denne kommune-styreperioden er å få kontroll på økonomien som igjen vil gje oss økonomisk handlefridom.



### Bjørnafjorden Høgre vil:

- Ikkje innføra eigedomsskatt!
- Prioritera kommunen sine lovpålagte kjerneoppgåver.
- Ha ein stram tilsetjingspolitikk.
- Gjennomgå alle prosessar for å fjerna dobbeltarbeid og tidstjuvar.
- Vurdera konkurranseutsetjing der det er hensiktsmessig.
- Stramma inn bruken av dyre konsulenttenester.
- Gjera kommunen attraktiv både for næringslivsaktørar og nye innbyggjarar som vil gje auka skatteinntekter.
- Gjennomgå rammeavtaler og innkjøpsavtaler for å identifisera økonomiske gevinstar.
- Unngå større investeringar dei næraste åra for å begrensa lånegjelda til kommunen.



# Samfunnsutvikling

## – vekst for framtida

Bjørnafjorden kommune skal vera ein effektiv «Ja-kommune». Vi skal møte nye idear og utfordringar med eit positivt grunnsyn, og vi ynskjer liv i heile Bjørnafjorden kommune.

Bjørnafjorden har eit variert næringsliv, med stort potensiale for vekst som Høgre vil støtta opp om med eit Ja-engasjement. Ja, til nye prosjekt og idear, og ja til nyskaping.



## Bjørnafjorden Høgre vil:

- Ha tett dialog med regionale og statlege mynde for å oppnå gode arealpolitiske løysingar.
- Snarast setja i gang arbeidet med arealplan for heile Bjørnafjorden kommune.
- Gjennom aktiv strandsonopolitikk sikra tilgjenge for ålmenta.
- Vera positive til naustutbygging, og fortetting/utviding av allereie etablerte naustområde.
- Leggja til rette for bustadbygging i alle bygder.
- Selja kommunale eigedommar og avvikla leigeforhold kommunen ikkje har bruk for.
- Opna for meir offentleg-privat samarbeid der det er tenleg.
- Ta vare på våre kommunale bygg og vegar med naudsynt vedlikehald.
- Starte arbeidet med utgreiing av ferjefritt vegsamband mellom Os og Fusa.
- Stø oppom primærnæringane, og verna om kjerneområde for landbruk.
- Arbeida strategisk og målretta opp mot Vestland fylkeskommune for å få gjennomført tiltak på fylkesvegane i kommunen, mellom anna «gul stripe» mellom Osøyro og Eikelandsosen.
- Ha same takstzone hos Skyss for heile kommunen, og vera ein pådrivar for betre kollektivtilbod.
- Arbeida for å redusera forskotsbeløpet på Autopass ferjekort.
- Arbeida aktivt for å få Hordalands-diagonalen E134 gjennom Fusa.



# Arbeidsplassar

## – skapa lokalt

Bjørnafjorden har eit rikt og mangfaldig næringsliv som er lokalisert kringom i heile kommunen. Utpendlinga frå kommunen er likevel for stor, og vårt mål er difor at fleire skal ha arbeidsplassen sin i heimkommunen. I arbeidet mot dette målet vil vi ha eit tett samarbeid med næringslivet, også nye bedrifter som kan vera aktuelle for å etablera seg i kommunen vår. Bjørnafjorden skal vera den mest attraktive og føretrekte lokasjonen for næringsetablering i Bergensregionen.



## Bjørnafjorden Høgre vil:

- At kommunen skal vera ein JA-kommune som forenkler og legg til rette for lokalt næringsliv.
- Vera positive til klyngesamarbeid mellom anna med Bjørnafjorden næringsråd.
- At visjonane for Lyseparken og Samnøy næringsområde snarast vert realisert.
- Vidareutvikla Osøyro som regionsenter og turistdestinasjon.
- Vera positive til eit tettare offentleg-privat samarbeid knytt til etableringar i Eikelandsosen, og i bygde- og nærsentra.
- Leggja til rette for næringsetablering ved sjø på begge sider av fjorden.
- At Havbruksnæringa skal ha rammevilkår som legg til rette for at vekst i heile verdikjeda kan skje i Bjørnafjorden kommune.
- Vera positiv til utvidingar og nye lokalitetar for akvakultur i kommunen vår.
- Arbeide for at fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar vert lokalisert i kommunen.
- Auka antal lærlingplassar i kommunen, og legge til rette for tett samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv.





## Grøn framtid

### – bygd for framtida

Vi er no på veg inn i det grøne skiftet og alle må ta ansvar, også Bjørnafjorden kommune. Bjørnafjorden Høgre vil prioritera løysingar der vi reduserer utslepp og tek berekraftige val for miljøet. Difor er det viktig for oss å ha to tankar i hovudet samstundes: Vi skal kutte utslepp, ikkje stoppe utviklinga. Skal ein klara å gjennomføra det grøne skiftet treng vi mykje meir rein energi enn vi har tilgang på i dag, og Høgre meiner ein må utgreia kva alternativ vi i Bjørnafjorden kommune har for å produsera meir energi.

### Bjørnafjorden Høgre vil:

- Følgja opp måla i kommunen sin lokale Klima-, energi-, og miljøplan, og velja smarte miljøvenlege løysingar ved kommunen sine eigne bygg og anlegg.
  - Stilla miljøkrav i offentlege anskaffingar for å stimulera til eit grønt skifte i næringslivet.
  - Legga til rette for fleire parkeringsplassar for pendlarar på strategisk viktige knutepunkt.
  - Få på plass fleire ladestasjonar i kommunen.
  - Forsterka arbeidet mot unødig plastbruk og marin forsøpling, og støtte opp om lokale tiltak for fjerning av plast i skjergarden vår.
  - Ikkje ha vindturbinar i vår vakre natur!
  - Legga til rette for utbygging av småkraftverk.
- Utgreia moglegheiter for småskala modulert kjernekraftverk lokalisert i regionen.
  - Legga til rette for landstraum ved kommunale næringskaiar og sikra lademoglegheiter for framtidige elbåtar ved gjestehamna vår.



## Oppvekst

### – det trengs ei heil bygd

Bjørnafjorden Høgre har høge ambisjonar for born og unge. Dei skal veksa opp i trygge miljø, og kommunen skal vera ein part i deira liv. Alle skal oppleva anerkjening og meistring i kvardagen, og skal bli tatt vare på av vaksne med god kompetanse og som ser den enkelte. Læringsmiljøet i klasserommet er viktig for at elevane skal kjenna læringsglede og få utbytte av undervisninga. Vi vil prioritera tidleg innsats i barnehage og skule samt sikra at vi har ei god skulehelseteneste med særleg fokus på psykisk helse.

### Bjørnafjorden Høgre vil:

- At alle nybakte foreldre får jordmor på heimebesøk.
- At elevane møter helsesjukepleiarar med god kompetanse på psykisk helse blant unge.
- At ein skulestrukturdebatt skal ha ein god og ryddig prosess. Prosessen skal ivareta at innbyggjarar og krinsar skal få moglegheit til å bli høyrde og få fram sine synspunkt i saka.
- Tilby etter- og vidareutdanning til tilsette i barnehage og skule for å auka kompetansen.
- At elevane skal få undervisning og læring i skulen gjennom ein kombinasjon av PC og bøker.
- Halda fram med oppgradering av uteområda ved våre skular og barnehagar for å oppnå ein god Bjørnafjorden-standard.
- At tenestene i Familiens Hus skal fortsetja med det gode kvalitetsarbeidet for å vera ein støttespelar for familiane, skulane og barnehagane, der barnet alltid står i fokus.
- Kartlegga psykososialt skule- og klasse- miljø i kommunen, for å setja inn målretta tiltak der det er naudsynt.
- Utgreia ein frivillig alternativ læringsarena for born med store hjelpebehov, med mål om ein optimal skulekvardag i eit samla fagmiljø.
- Sikra samarbeid mellom kommunale og private skular og barnehagar, og arbeida for å få til gode fellessatsingar.
- Ha ein mobilfri grunnskule for at elevane skal ta del i det viktige sosiale samspelet i skulekvardagen.
- Auka fokuset på bruk av læremetodar som òg fremjar fysisk aktivitet og kreativitet hos borna.
- Prioritera trafiksikring av skulevegane.





## Helse og velferd

### – leva heile livet

Helsetenestene i Bjørnafjorden kommune skal vera prega av kvalitet og kompetanse. Kvalitetsreforma «Leve hele livet» har som mål at alle eldre skal få ei god og verdig eldreomsorg, tilpassa eigne behov. Maten, helsehjelpa, aktivitet og fellesskap er grunnpilarane i eldreomsorga. Høgre anerkjenner eldre som ein viktig ressurs i samfunnet, og deira tid og kompetanse er naudsynt å nytta når vi skal møte ei stadig veksande aldersgruppe på ein god måte. Frivilligheit og førebygging skal prioriterast høgt i komande periode.

### Bjørnafjorden Høgre vil:

- Ha eit aldersvennleg samfunn der dei eldre er sjef i eige liv.
- Planlegga neste utbyggingstrinn innan omsorgsbustader, og prøve ut fleire og nye buformer for eldre.
- Konkretisera framtidig bruk av den gamle sjukeheimen på Lurane.
- Hindra utanforskap ved å tilby digital assistanse til dei som treng det.
- Auka bruken av målretta velferdsteknologi innan omsorga.
- Saman med personell og frivillige tilby aktivitetar utanfor institusjon – aktivitet i fellesskap med andre.
- Tilby eldre smakfull mat som aukar trivsel og førebygg underernæring.
- Prioritera førebygging, og søkja å igjen innføra tryggleikssjukepleiar i denne valperioden.
- Gje rett hjelp til rett tid på rett stad.
- Ha fokus på gode tenester – ikkje på kven som driv dei.
- At dei som slit med rus skal få hjelp, ikkje straff.
- Prioritera barn og unge gjennom førebyggande tiltak innan rus og psykiatri i eit samarbeid med Politiet.
- At dei som slit med psykisk sjukdom skal få betre behandlingstilbod og betre samhandling i alle forvaltningsledd.
- Sikra eit verdig dagsentertilbod til brukarar innan PU, og freista å auka antal VTA-plassar ved ASVO Bjørnafjorden.
- Sikra god fastlegedekning i heile kommunen, samt eit tilfredstillande legevaktstilbod.



## Kultur, idrett og friluftsliv

### – frivilligheit

Bjørnafjorden Høgre ynskjer eit inkluderande og mangfaldig kultur og idrettsliv. Frivilligheit er berebjelken i små og store lokalsamfunn. Frivilligheit, kultur og fritid er viktige element som gjer kvardagen meningsfull. Tilhøyrsløse til lokalsamfunnet skapast gjennom gode møteplassar for fritidsaktivitetar. Å delta i frivillig aktivitet har også store folkehelsegevinstar for alle, fysisk så vel som psykisk. Det er difor viktig at det offentlege på ulike måtar legg til rette for, og støttar opp om dette arbeidet.



### Bjørnafjorden Høgre vil:

- At aktivitetar for born og unge, innan kultur, idrett og friluftsliv, skal ha prioritert ved tildeling av tilskot frå kommunen.
- At frivillige lag og organisasjonar skal møte ein kommune som gjev rettleiing og støtte til mellom anna å søkja tilskotsmidlar.
- Vurdera behov for auke i midlar til forskottering av spelemidlar.
- Ha fokus på gode arenaer for uorganisert aktivitet, både innandørs og utomhus.
- Vera pådrivar for at Bjørnafjorden idrettspark KF og idrettslaga samarbeidar kring dei forskjellige idrettsanlegga i kommunen.
- Støtta prosjekt som bidreg til at personar med funksjonsnedsetjing kan ta del i idrett og andre aktivitetar.
- Bidra til at økonomi ikkje blir til hinder for at barn og unge kan delta i aktivitetstilbod.
- Vurdera Fritidskort til barn og unge gjennom Friskus.
- Vidareføra utlånsordninga for idrettsutstyr – gjerne drifta av frivilligheita.
- Legga til rette for eit aktivt friluftsliv for alle, og sikra parkeringsplassar ved populære turområde.
- Sikra forsvarlege overføringar til Oseana KF slik at kulturhuset framleis skal vera ein møteplass med eit variert kulturtilbod.
- Utvida kulturskuletilbodet med ulike former for kulturell utfolding.
- Samarbeida med Kyrkja, tru- og livssynsamfunn om deira arbeid for born og unge, vaksne og eldre.

Eg og Høgre sine kandidatar vil vera ditt talerøyr inn i politikken.  
Gje oss di røyst, og vi skal dra kommunen i rett retning med ein ansvarleg  
og føreseieleg politikk! Høgre har tru på deg, og vi trur på Bjørnafjorden!

Godt vall!



1. KANDIDAT  
**Marie E. L. Lunde**



2. KANDIDAT  
**Emil Tetlie Brimsholm**



3. KANDIDAT  
**Kristin Søfteland-Larsson**



4. KANDIDAT  
**Roger Hoel**



5. KANDIDAT  
**Lisbeth Lunde Axelsen**



6. KANDIDAT  
**Erik Oltedal Lunde**



7. KANDIDAT  
**Lasse Øpstad**



8. KANDIDAT  
**Irene Ullensvang**



9. KANDIDAT  
**Bjørn Matland**



10. KANDIDAT  
**Mai Britt Haringstad**



11. KANDIDAT  
**Linn Cathrin B. Anthun**



12. KANDIDAT  
**Daniel Skotheim**



13. KANDIDAT  
**Gitte Torp**



14. KANDIDAT  
**Mons Martin Borgen**



15. KANDIDAT  
**Hans Vindenes**



16. KANDIDAT  
**Berit Sjøveld Askvik**



17. KANDIDAT  
**Raymond Bertelsen**



18. KANDIDAT  
**Sigurd Petter Laugen**



19. KANDIDAT  
**Arne Bjoarvik**



20. KANDIDAT  
**Arve Samnøy**



21. KANDIDAT  
**Linnea Sørstrønen**



22. KANDIDAT  
**Thomas Loretzen-Styr**



23. KANDIDAT  
**Otto Ådland**



24. KANDIDAT  
**Hildegunn Stokke**



25. KANDIDAT  
**Tor A. F. B. Teige**



26. KANDIDAT  
**Svein Atle Garvik**



27. KANDIDAT  
**Ernst Hoff**



28. KANDIDAT  
**Martha Heggland**



29. KANDIDAT  
**Katrine Haugland**



30. KANDIDAT  
**Astrid Samnøy**



31. KANDIDAT  
**Steinar Bee**



32. KANDIDAT  
**Aud-May Boge**



33. KANDIDAT  
**Børge Lunde**



# Bli medlem i Høgre!

Bruk QR-koden eller gå til  
[hoyre.no/bjornafjorden](https://hoyre.no/bjornafjorden)



Hold mobil-kameraet mot QR- koden.  
Trykk på linken som dukkar opp på skjermen

Bjørnafjorden Høgre

